

Oppsummering av innspel til Mld. St. 4 (2015-2016) frå Elektronisk forpost Norge

Elektronisk forpost Norge

14. desember 2015

1. Lova må vere klår på kva definisjonar og reglar som gjeld for kryptovaluta og virtuell eigedom. Bitcoin er eit betalingsmiddel, ikkje ei teneste. Definer gjerne både betalingsmiddel og teneste.
2. Transaksjonar med virtuell valuta skjer overalt på ein gong, og kan initierast overalt. Det kan vere vanskeleg å definere kvar i verda ein slik transaksjon skal reknast som gjennomført. Ikkje baser lover eller avgifter på at det er mogeleg.
3. Det er mogeleg å leggje avgifter på grensesnittet mellom kryptovaluta og nasjonal valuta.
4. Dersom vi skal svinge vekk frå den stien som i dag går parallelt med EU, og vi ikkje lenger kan bruke EU og nabolanda som referanse, treng Skatteetaten og Skattedirektoratet strenge fristar for å avgjere prinsippspørsmål og tvilsspørsmål.
5. Skatteklagenemnda må kunne ta opp prinsipputtaler og generelle regel-tolkningar, ikkje berre enkeltvedtak.
6. Regulerte og uregulerte verksemder må handsamast likt når dei yter den same tenesta. Til dømes kan avgiftsplikta tre inn idet margininntekter og gebyrinntekter overstig ein viss sum per termin.
7. For streng nasjonal regulering og høge avgifter på eit betalingsmiddel som ikkje kjenner fenomenet landegrenser, fører berre til utflytting av tenestene og reguleringsmessig arbitrasje.